

Songen om ein broten nase

Bart er glad i opera, men han vil ikkje at andre skal få vite om det. Derfor synest han det er krise når Ada vil vite kva det er han høyrer på på veg heim frå skulen.

– Kva høyrer du på? spør Ada og nikkar mot hovudtelefonane.

– Litt forskjellig.

– Kult. Eg liker også litt forskjellig.

– Forskjellig er ganske bra.

– Kan eg få høyre på ... litt av det forskjellige? spør Ada.

– Eg er visst nesten tom for batteri, seier eg og kikkar ned i lomma.

– Akkurat nok til at eg kan få høyre, kanskje? seier Ada.

Det er no eg skulle lagt inn nokre Idol-vinnarar eller noko frå Disney Channel. Men det er for seint no. Eg klemmer til med Bryn Terfel. Han syng betre enn nokon annan eg har høyr.

Ho tek på seg hovudtelefonane.

– Kult, seier ho.

Eg nikkar. Meiner ho verkeleg det?

– Har du noko anna, eller liker du berre sånn musikk?

– Nei da, eg liker mykje forskjellig. Men ...

– Du liker berre sånn musikk, du.

Akkurat det der er problemet med jenter. Dei skjøner ting sjølv om ein seier noko anna. Det er fascinerande og skremmande på ein gong.



Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 103.

Gjer oppgåvene 1c, 1d, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 9.